

Sakshandsamar:

Knut Åland
E-post: knut.aland@sfj.no
Tlf.: 95947117

Vår ref.

Sak nr.: 18/783-21
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

46552/18

Dykkar ref.**Notat****Dato**

LEIKANGER, 15.10.2018

Til: Hovudutval for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Økonomiske belastningar som verna fartøy møter

Fylkesdirektøren viser til HNK-møte 25.09.18 der m.a. den økonomiske belastninga for verna/freda fartøy som følgjer av sertifiseringskrav. Fylkesdirektøren lovde å komme tilbake med eit notat i saka.

Fylkesdirektøren viser til notat i HNK-sak 85/16, pkt 7. I dette notatet er forskrifta som omhandlar krav som gjeld til sertifikat for mannskap på veteranfartøy omtalt (offiserar på brua og i maskinrom). Fylkesdirektøren oppfattar at det er kostnaden med desse sertifikata saka gjeld.

Forskrifta er utforma av Sjøfartsdirektoratet (som rapporterer til Nærings- og fiskeridepartementet og Klima- og miljødepartementet). Forskrifta fekk eit tillegg i 2017 som vart gjeldande frå 1. januar 2018. Dette går på reiskap for lasting og lossing og andre forhold som har med tryggleik om bord på fartøya å gjere.

Ved tildeling av tilskot til fartøyvern i 2017 og 2018 har fylkesdirektøren opna opp for at kompetanseheving og kursavgift for frivillige mannskap på dei verna fartøya kan inngå i søknaden om tilskot. Så langt har dette punktet ikkje vore med i dei søknadane fylkeskommunen har fått inn og handsama. Fylkesdirektøren oppfattar difor ikkje at slike tiltak har vore prioritert.

Fylkesdirektøren ser at dei kostnadane som fell på enkeltpersonar og/eller eigar av verna/freda fartøy kan vere belastande, og støttar eit politisk initiativ for å finne måtar å kompensere dette på. Dette kan gjerast etter to spor:

- Alliere seg med Norsk foreining for fartøyvern, som er ein frivillig interesseorganisasjon som arbeider for å betre rammevilkåra for fartøyvernet i Norge.
- Ta saka opp med energi- og miljøkomiteen. Komiteen har ansvar for saker som gjeld Riksantikvaren, og der fartøyvernsaker høyrer heime. Dette kan gjerast som del av innspela til budsjettdebatten som går i Stortinget.

Slik saka står no, er det fylkesdirektøren si oppfatning at dette bør søkjast løyst gjennom dei politiske kanalane. Fylkesdirektøren kan hjelpe til med utforming av brev, notat, e.l. i saka.

Litt utdjuping om sertifiseringskrava:

Krav til sertifikat for mannskap på veteranfartøy (utdrag frå notat av oktober 2016):

«For at offiserar skal kunne spesialisere seg på å leie arbeidet på brua og i maskina, er det utvikla spesielle krav til opplæring, BRE/ERM- kurs. BRM – (Bridge Resource Management) går ut på å teste offiserane i leining av arbeidet frå brua. ERM – (Engine Resource Management) går ut på å teste maskinoffiserane i leining av arbeidet i maskinrommet. Dei offiserane som ikkje har BRM/ERM- kurs frå før, må ta dette for å kunne segle etter januar 2017. Dette kravet gjeld truleg dei fleste av offiserane som er knytt til dei verna fartøya.»

Forskrift om særlege reglar for skip som er verna eller freda og fører fleire enn 12 passasjerar:

Verna eller freda skip skal ha passasjersertifikat. Sertifikatet gjeld for perioden 1. mai – 31. oktober og vert utskrive for «liten kystfart» Sjøfartsdirektoratet kan i særlege høve tillate at skip som er sertifisert for sommarhalvåret også kan segle enkelte turar eller delta på bestemte arrangement med passasjerar i vinterhalvåret. Slikt løyve kan berre gjevast dersom det er forsvarlig ut i frå sikkerheit og når føremålet med turen har samband med skipets opphavlege bruk.

Forskrifta har ei rekkje krav til sjølve skipet. Dette er byggjekrav til skrog og overbygning. Krav til stabilitet, lastelinje og fribord. Brannsikring, redningsmidlar og instruksar for naudsituasjonar, opplæring og øvingar. Berekning av tal på passasjerar og passasjerområder. Skip som har fått fråvik frå gjeldande krav som følge av at skipet er verna eller freda av Riksantikvaren og som har gyldig passasjersertifikat den dag forskrifta trer i kraft, kan fortsette å segle med dei avgrensingane som går fram av sertifikatet inntil det går ut. Når sertifikatet har gått ut, eller dersom det vert gjort endringar i forhold som ligg til grunn for sertifikatet, for eksempel ved ombygging, endring i utstyr, endring av talet på passasjerar eller endring av fartsområde, gjeld reglane i forskrifta her.

Forskrifta fekk eit tillegg i 2017 som vart gjeldande frå 1. januar 2018. Dette går på reiskap for lasting og lossing og andre forhold som har med tryggleik om bord på fartøya å gjere.

Forskrift om særavgifter

Føresegnene omhandlar ei rekkje avgifter (m.a. CO2-avgift, svovelavgift) som rårkar verneverdige fartøy på ulike måtar utan at det er gjort fritak eller refusjon av innbetalt avgift for verneverdige skip og fartøy. Ei rekkje andre fartøygrupper har fritak for betaling av avgift eller eige ordningar for refusjon:

- Fartøy som driv gods- og passasjertransport i innanriks sjøfart
- Fartøy som driv fiske og fangst i nære farvatn
- Skip i utanriksfart, fartøy som driv fiske og fangst i fjerne farvatn og innretningar på kontinentalsokkelen mv.